

i n

f o -
N O V A

Nyhendebrev frå
Norsk institutt for
forskning om
oppvekst, velferd
og aldring

Nr. 3–04

- Fokus på funksjonshemming
- «Rudenga»- eit samfunn bygd på skilnader
- Seksuell utnytting av barn og unge
- Oppvekst i fattigdom
- Diverse
- Eksterne publikasjonar

Følg NOVA på veven:
www.nova.no

Fokus på funksjonshemming


✦ Av Lars Grue og John Eriksen, NOVA

I løpet av dei siste åra har temaet funksjonshemming fått auka merksemd i den politiske ålmenta. Det har vakse fram ei brei politisk erkjenning av at menneske med reduserte funksjonsevner på mange samfunnsområde ikkje har dei same rettane og vilkåra for deltaking som andre.

Forskarar ved NOVA har i mange år forska innanfor feltet, men så langt har denne forskinga hatt svak organisatorisk forankring. Frå og med 2005 endrar vi dette: NOVA har søkt om å få opprette eit strategisk instituttprogram for forskning om funksjonshemming. Instituttet vil óg vere eit av dei miljøa som vert styrkte gjennom Noregs forskingsråds fordeling av midlar frå den delen av Velferdsprogrammet som har spesiell innretning mot funksjonshemmingsfeltet. Vidare har NOVA vorte vertsinstitusjon for det dokumentasjonsenteret regjeringa har ønskt oppretta for å følgje utviklinga av situasjonen for menneske med reduserte funksjonsevner.

Samla sett vil desse tre tiltaka gjere sitt til at NOVA styrkjer sin posisjon som eit sentralt miljø innanfor funksjonshemmingsfeltet. I åra som kjem, vil forskarar ved NOVA både arbeide med problemstillingar knytte til dei barrierane funksjonshemma erfarer innanfor område som utdanning, arbeid og bustad og problemstillingar knytte til den einskildes opplevingar og røynsler med

si funksjonsnedsetting. Ein slik styrkt posisjonen ønskjer NOVA å nytte til å forsterke den samfunnsvitskaplege forskinga på feltet, til å rekruttere yngre forskarar og til å verte ein møteplass for fagleg samtale og kompetanseutvikling.



Lars Grue

Konkret vil dette kome til uttrykk ved at vi i løpet av våren 2005 startar fleire prosjekt. NOVA har ei målsetting om at desse prosjekta skal verte forankra hos forskarar som tilhøyrer den faste forskarstaben, hos éin nyttilsett stipendiat og hos to masterstudentar. Den faglege samtalen og kompetanseutviklinga vil verte styrkte gjennom ulike

former for samlingar der det også er eit siktemål å inkludere andre forskarar og annan kompetanse ved NOVA enn den som i dag er representert innanfor funksjonshemmingsfeltet.

Breidda i NOVAs kompetanse er kanskje den viktigaste føresetnaden for at NOVA kan utvikle seg til å bli det kompetansesenteret innanfor funksjonshemmingsfeltet som vi håper. I denne samanheng høyrer det også med at instituttet aktivt vil samarbeide med sentrale miljø både innanfor og utanfor landets grenser.

På dei nye nettsidene til NOVA kan du finne meir informasjon om funksjonshemmingsforskninga vår: www.nova.no

Ny doktoravhandling

Ny rapport

Rudenga: eit samfunn bygd på skilnader



Viggo Vestel

I si avhandling har NOVA-forskar Viggo Vestel skildra korleis kulturell ulikskap handterast og inngår i relasjonar og livslaup mellom ungdommar som veks opp i ein drabantby på Oslos austkant. Vestel, som er sosialantropolog, baserer avhandlinga si på ein to-årig feltstudie utført med fem års mellomrom, der ein ungdomsklubb i Grorudalen har vore utgangspunktet.

Vestel har mellom anna sett på i kor stor grad internasjonale ungdomskulturelle tradisjonar som hip hop, breakdance, house/techno o.l. kan fungere som plattformer for møte på tvers av kulturell bakgrunn og for integrasjon på den eine sida, og som grunnlag for konflikt og frontdanningar på den andre sida.

I kontrast til det biletet media ofte syner av ungdommar med innvandrarbakgrunn – knytte saman med vald, kriminalitet og andre problem – skildrar forfattaren eit inkluderande miljø prega av positive sosiale relasjonar og sterke vennskapsband ungdommane imellom.

Dei mest synbare uttrykka for dette fellesskapet var eit omfattande rituale for helsing, eit språkleg fellesrepertoar der ord og uttrykk frå forskjellige språk vart blanda saman, på same tid som norsk vert lagd til grunn som fellesspråk, og hyppig bruk av musikk med innvandrarbakgrunn på klubbdiskoteket.

Samstundes dyrka ungdommane transnasjonale populærkulturelle uttrykksformer knytte til musikk (som til dømes hip hop, soul og house/techno), film og sport, som medverka til at det vart danna ei ytterligare plattform for samhandling og fellesskap.

NOVA gjev ut avhandlinga i si rapportserie. Ho kan tingast ved å ta kontakt med instituttet, enten per telefon eller ved å vitje nettstaden vår.

Tittelen på avhandlinga er:

A Community of Differences: Hybridization, popular culture and the making of social relations among multicultural youngsters in 'Rudenga', East Side Oslo.

Doktoravhandling levert ved Sosialantropologisk institutt, Universitetet i Oslo.

Seksuell utnytting av barn og unge

Seksuell utnytting av barn og unge har blitt sett på dagsorden på ulike måtar. Men forstår ungdom og vaksne omgrepet utnytting på same måte? Rapporten er basert på ein analyse av eit utval 16-åringar sine refleksjonar rundt dette tema. FN sin Barnekonvensjon og norsk rettsvesen slår fast at ein mindreårig sitt eventuelle samtykke til seksuell omgang med ein vaksen ikkje har innverknad på spørsmålet om den vaksne si straffeskuld. Dette blir grunnjeve med at den unge i kraft av sin alder og grad av modenheit er i ein underordna posisjon i høve til den vaksne, og slik sårbar for utnytting.



Dei intervjuja ungdomane problematiserer denne juridiske forståinga. Dei forstår ikkje skilnad i alder og posisjonar som ein prinsipiell skilnad i makt på same måte som rettsapparatet gjer det. Dei hevdar difor at det å vere ung ikkje nødvendigvis frittek ein person frå ansvar for eigne handlingar i relasjon til ein vaksen.

Tittelen på rapporten – *Ansvaret i grenseland* – siktar til at seksuell utnytting handlar om grenser, men også at ungdomstid på mange måtar er eit grenseland der ungdom og vaksne forstår modenheit og ansvar på ulike måtar. Ungdomane sine svar på spørsmålet om kva seksuell utnytting er, og kven som har ansvaret, reflekterer mellom anna at dei forstår det å vere ungdom som noko anna enn det å vere barn. Denne sjølvforståinga må ein ta høgde for når ein skal drive førebyggjande arbeid retta mot ungdom.

Forskar Ingrid Smette ved NOVA har utført undersøkinga på oppdrag frå Redd Barna. Du kan lese eit samandrag av rapporten eller laste ned heile teksten på NOVA sin nettstad: www.nova.no.

NOVA Rapport 13/04

Ansvaret i grenseland

16-åringers forståelse av seksuell utnytting

Av Ingrid Smette

ISBN 82-7894-194-7

Kr 180,-

Ny rapport

Oppvekst i fattigdom

I 2001 starta Noregs forskingsråd opp ei satsing på forskning kring sosialhjelp og fattigdom. I det høvet vart det løyva midlar til ein kunnskapsstatus om barn og unges handtering av vedvarande, vanskeleg økonomi. Resultatet av arbeidet er ein rapport frå Elisabeth Backe-Hansen som er tufta på ein litteraturgjennomgang av 36 studiar.



Elisabeth Backe-Hansen

Ein oppvekst i fattigdom eler med dårleg økonomi påverkar barn og unges utvikling og ikkje berre kvardagslivet. Forskinga på feltet avdekk ei rekkje uheldige verknader som åtferdsproblem, dårlegare skuleprestasjonar, kortare utdanning, tidlegare graviditet, vanskar med å få og halde på arbeid og kriminalitet. Viktig for analysane i denne rapporten er difor korleis fattigdomen kjem til uttrykk, og ikkje at den har ein negativ effekt. Dei fleste av studiane er britiske og amerikanske, ikkje minst fordi desse to landa har ein langt meir omfattande tradisjon for forskning om barnefattigdom enn vi har i Noreg og Norden.

Verknadene heng særleg saman med langvarig og alvorleg fattigdom, medan det å oppleve dårleg økonomi i kortare periodar ikkje treng å få spesielt alvorlege konsekvensar. På den andre sida vil eit godt tilhøve mellom foreldre og barn, der foreldra kombinerer omsut og oppfølging på ein vettug måte, fungere som ein buffer både mot verknader av fattigdom og av å vekse opp i utsette nabolag. Utviklingsstudiar der ein ser på mekanismane bak både positiv og uheldig utvikling, får fram det dynamiske samspelet mellom risikofaktorar og skjermande faktorar, som igjen fører til at nokre barn og unge toler negative påverknader betre enn andre.

Kunnskapsbidraget frå dei 36 studiane gjer det også mogeleg å tenkje nytt om forskingsbehov og gjeremål tilpassa norske tilhøve, og framlegg om både vidare forskning og tiltak avrundar rapporten.

NOVA Rapport 12/04

Barn og unges handtering av vanskelige livsvilkår.
Kunnskapsbidrag fra 36 studier av barnefattigdom
Elisabeth Backe-Hansen
ISBN 82-7894-193-9
274 s., kr 330,-

Diverse

Nye vevsider for NOVA

NOVA har sidan forrige utgåva av *info-NOVA* lagt ut ei ny heimeside. Dei nye vevsidene inneheld ei rekkje forbetringar: Mellom anna er det utvikla ein ny og betre søkjemotor, vi har laga ei prosjektdatabase som gjev oversikt over alle prosjekta NOVA har, du kan no nytte elektronisk handlekorg ved tinging av publikasjonar, og vi held på med å finpusse det som skal bli eit heilt nytt opplegg for elektroniske informasjonsbrev knytte til NOVAs forskjellige forskings-tema.

Talet på besøkande til NOVA-veven har allereie tatt seg kraftig opp etter nylanseringa.

Vi ynskjer nye som gamle brukarar av NOVA-veven velkomne. Adressa er som før: www.nova.no.



Nasjonalt dokumentasjonsenter for personer med nedsett funksjonsevne

NOVA skal vere vertsinstitusjon for det nye dokumentasjonsenteret for personer med nedsett funksjonsevne. Senteret skal ha som formål å auke kunnskapsgrunnlaget om situasjonen og samfunnsutviklinga for funksjonshemma personer. Det skal ha særleg fokus på innsamling av data som kan sikre betre kunnskap om måloppnåing og effekt av verkemiddel som blir brukt på dette området. Arbeids- og sosialdepartementet arbeider no med å oppnemne eit styre for senteret. Vi kjem attende med ei breiare omtale av senteret ved eit sinere høve.



Tidsskriftet *Aldring og livsløp* 20 år

For tjuve år sidan vart den fyrste utgåva av *Aldring & livsløp* (den gong Gerontologisk Magasin) gjeve ut. Sidan den gong og fram til i dag har tidsskriftet gjeve ut omlag 500 artiklar. Vi gratulerer redaksjonen.

For meir informasjon om jubileet, sjå heimesida til NOVA.



EKSTERNE PUBLIKASJONAR

Bay, A-H. & A.W. Pedersen (2004). Folketrygdens pensjonssystem: Tillit, tilfredshet og politiske holdninger. Vedlegg 6, NOU 2004:1, *Modernisert folketrygd*

Blekesaune, M. & E. Øverbye (2004). Er det sammenheng mellom flere skilsmisser og økt uførepensjonering? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 7(2):90–99

Dahle, R. & K. Thorsen (red.) (2004). *Velferdstjenester i endring. Når politikk blir praksis*. Oslo: Fagbokforlaget

Eriksen, J. & S. Næss (2004). Frustrations of studying living conditions of disabled people. I Tøssebro, J. & A. Kittelsaa (red.): *Exploring the living conditions of disabled people*. Lund: Studentlitteratur, s. 87–121

Fekjær, S. & H. Pape (2004). Når «alle» doper seg. Feilaktige forestillinger om narkotikabruk blant ungdom. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 4(2):21–32

Fuglerud, Ø. (2004). Constructing exclusion. The micro-sociology of an immigration department. *Social Anthropology*, 12(1):25–40

Fuglerud, Ø. (2004). Space and Movement in the Sri Lankan Conflict. I Essed, P., Frerks, G. & J. Schrijvers (red.): *Refugees and the Transformation of Societies: agency, policies, ethics and politics*. New York / Oxford: Berghahn Books, s. 42–52

Harsløf, I., Jensen, S., Kruhøffer, A., Møller, S.N., Hansen, A.E. & A. Rosdahl (2004). *Virksomhedsrevalidering*. Rapport nr. 2. København: Socialforskningsinstituttet

Heggen, K. (2004). *Risiko og forhandlinger. Ungdomssosiologiske emner*. Oslo: abstrakt forlag

Hennum, N. (2004). Å formidle seg selv som mor og far i en norsk kontekst. *Fokus på familien*, (1):147–157

Himmelweit, S., B. Bergmann, K. Green, R. Albelda & C. Koren (2004). Lone Mothers: What is to be done? *Feminist Economics*, 10(2):237–264

Koren, C. (2004). Taper studentene på Pensjonskomisjonens forslag? *Trygd & pensjon. Skattebetalerforeningens internettidsskrift*, (1)

Nergård, T. (2004). Gratis barnehage for familier med innvandrerbakgrunn – konsekvenser for mors integrasjon i det norske samfunnet. *Norsk tidsskrift for migrasjonsforskning*, (1)

Klette, T. (2004). Kari Killén fyller 70 år. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 81(2)

Lingsom, S. (2004). *Detour ahead*. Tentallon, Nova Scotia: Glen Margaret Publishing

Lopez, G.S. (2004). *Kultur møter på familiekontoret. Erfaringer og eksempler fra praksis*. Rapport utgitt av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, region øst

Pape, H. & K. Stefansen (2004). *Den skjulte volden? En undersøkelse av Oslobefolkningens utsattethet for trusler, vold og seksuelle overgrep*. Rapport nr. 1. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress

Pape, H. & I. Rossow (2004). Ordinary people with normal lives? A longitudinal study of ecstasy and other drug use among Norwegian youth. *Journal of Drug Issues*, 24(2):385–414

Pedersen, A.W. (2004). Fattigdom i «verdens rikeste land». *Plan*, (3):24–29

Pedersen, A.W. (2004). Halvhjertet kopi av brutal original. En sammenligning av Pensjonskomisjonens forslag og det nye svenske pensjonssystemet. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 7(3):168–187

Pedersen, A.W. (2004). The privatization of retirement income? Variation and trends in the income packages of old age pensioners. *Journal of European Social Policy*, 14(1):5–23

Pettersen, K.S. (2004). Fra reisende til bofast. Bosettingstiltak for tater i det norske lokalsamfunn på 1900-tallet. I Alsvik, O. (red.): *Kultur møter: lokalsamfunnet, lokalhistorien og møtet med det fremmede*, Skrift nr. 40. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt

Seeberg, M.L. (2004). Dealing with Difference: Two classrooms, two countries. *Norsk tidsskrift for migrasjonsforskning*, (2):95–108

Sletten, M.A., Fløtten, T. & A. Bakken (2004). Vennekapsens pris – fattigdom og sosial isolasjon i ungdomstida. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 4(2):55–76

Sollund, R. (2004). Innvandreren – den nye underklassen? *Norsk tidsskrift for migrasjonsforskning*, (2):114–133

Sollund, R. (2004). Spesiesisme – fenomenets årsaker og konsekvenser. *Norsk tidsskrift for kriminalvitenskap*, (2):321–336

Sollund, R. (2004). *Rammer, rom og mobilitet. Innvandrerkvinner arbeidsliv*. Institutt for samfunnsforskning: Thesis. Oslo: Unipax

Sundnes, A. (2004). Sparrer kontra fighter. Mannlighetsidealer i ungdoms fornærmepraksiser. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 4(2):3–9

Vabø, M. (2004). Effektivitet og kvalitet i omsorgstjenesten – en dragkamp mellom nye og gamle styringsidealer. I Dahle, R. & K. Thorsen (red.): *Velferdstjenester i endring. Når politikk blir praksis*. Oslo: Fagbokforlaget

Vestel, V. (2004). A community of differences: Social relations, popular culture and leisure in a multicultural suburb, in «Rudenga» East side Oslo. *World Leisure*, 46(1):46–55

Øia, T. & Å. Strandbu (2004). Ungdom og tradisjonell bruk av naturen. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 4(2):33–53

Returadresse:

NOVA

Pb. 3223 Elisenberg
0208 Oslo

Ansvarleg redaktør:

Direktør Magnus Rindal

I redaksjonen:

Halvard Dyb

Nina Eriksen

Info-NOVA kjem ut fire
gonger i året

Ønskjer du å få info-
NOVA gratis i posten

– send melding via:

• telefon: 22 54 12 00

• faks: 22 54 12 01

• e-post: nova@nova.no

Besøksadresse:

Munthesgt. 29

0260 Oslo

Følg NOVA på veven:

www.nova.no

ISSN 1502-1041

Foto: Halvard Dyb
Design: Bror Westblad

NYE BØKER

Sveket. Omsorgssvikt er alles ansvar.

Kari Killén

3. utg. 2004

Oslo: Kommuneforlaget

Nokre foreldre utset barnet sit for psykiske og/eller fysiske overgrep og forsømmer det så alvorleg at den psykiske eller fysiske helsa til barnet er i fare. Eller dei utset barnet for seksuelle overgrep. Eller barnet er i fare på grunn av at foreldra har alvorlege psykiske lidingar, er utviklingshemma eller misbrukar rusmiddel. I *Sveket* formidlar Kari Killén eineståande innsikt og forståing som gjev grunnlag for handling og samarbeid på tvers av etatar og sektorar når ein skal hjelpe desse barna og foreldra deira.

Den 3. utgåva av klassikaren innan omsorgssvikt er oppdatert og revidert. Nyare forskning er integrert og boka inneheld meir stoff om tilknytning og konsekvensar av omsorgssvikt.



Detour Ahead. A personal account of the long way home

Susan Prescott Lingsom

Tentallon, Nova Scotia:


GlenMargaret Publishing,

2004

Detour Ahead eller «Omkøyring» som boka kanskje kunne heite på norsk, er ei sjølvbiografisk forteljing om å bli funksjonshemma i vaksen alder. Boka handlar om trongen forteljaren har til å finne ut kven og kva ho er blitt etter ei alvorleg ulukke – å bli synleg igjen for seg sjølv og andre. Eit nytt kart må teiknast for dagleglivet med endra føresetnader, nye planar må skapast for framtida. Boka er skrivi i litterær form, og skiftar frå sosial realisme til fantasy og drømmebilete.

Som delvis ufør har NOVA-forskaren og sosiologen Susan Lingsom rikeleg med tid til å reflektere over tema som kropp og identitet, sosial interaksjon og integrasjon, tid og biografi. Lesaren får følgje med på rehabiliterings- og reorienteringsprosessar, og den pågåande nyteikninga av både kart og terreng. Historia flyt fram og tilbake i tid, mellom livsfasar der kroppen ikkje var skada og ulike fasar i åra som har gått sidan ulukka.

Norli er forhandlar for boka i Noreg. (Boka er skrivi på engelsk.)



TINGINGSSETEL

NOVA driv ei aktiv og utadretta forskingsformidling. Instituttet gjev ut eigne publikasjonsseriar: ein rapport- og ein skriftserie samt temahefte. Desse publikasjonane kan tingast enkeltvis eller som årsabonnement. Sjå publikasjonsoversikta på følgjande sider.

Tinging av enkeltteksemplar

Kryss av i den aktuelle ruta i publikasjonsoversikta, og send tingingsetelen til NOVA. Ønskjer du fleire eksemplar av ein publikasjon, fører du opp talet. Faktura vert sendt saman med publikasjonane, porto er inkludert i prisen. Ved tinging av ti eller fleire eksemplar av ein og same publikasjon er det 25 prosent avslag i prisen.

Årsabonnement

Ein kan teikne årsabonnement på NOVA-publikasjonane ved å krysse av i den første ruta nedanfor og sende inn tingingsetelen. Publikasjonane vil då verte tilsende etter kvart som dei kjem ut. Årsprisen for 2005 er det 2500,-. Abonnementet varar til det vert sagt opp. Alle abonnentane få òg *info-NOVA* i posten.

info-NOVA

Informasjonsbladet *info-NOVA* kjem ut tre gonger i året. Her vert det lagt fram aktuelle forskingsprosjekt og andre aktivitetar ved NOVA. Her finn du òg ei oversikt over publikasjonar som instituttet gjev ut, og oversikter over artiklar og bøker som medarbeidarane har publisert andre stader. *Info-NOVA* finst òg i ei elektronisk utgåve på nettstaden til instituttet.

- Eg tingar eit årsabonnement på NOVA-publikasjonar (gjeld rapportar, skriftserie, temahefte)
- Eg ønskjer å få *info-NOVA* gratis tilsendt
- Sjå enkelttingingane på følgjande sider

NAMN _____

ARBEIDSSTAD _____

ADRESSE _____

TELEFON _____

E-POSTADR. _____

Faktura vert sendt saman med publikasjonane

Tinging av publikasjonar kan òg skje via faks eller e-post til Forskingsinstituttet NOVA, Postboks 3223 Elisenberg, 0208 Oslo. Faks: 22 54 12 01, e-post: nova@nova.no. På den nye nettstaden vår kan du òg tinge publikasjonar elektronisk ved hjelp av handlevegnløysinga.

NOVA-rapportar 2001–2004

- ❑ 2001:16 *Ungdoms holdninger til seksuelle krenkelser og overgrep*, av Svein Mossige (kr 130)
- ❑ 2001:17 *Tilfreds med uklarhet. Om å være brukerkontakt i oppfølgingsordningen for enslige forsørgere*, av Kirsten Danielsen (kr 100)
- ❑ 2001:18 *Makt og avmakt i helse- og omsorgstjenestene*, av Kirsten Thorsen, Rannveig Dahle & Mia Vabø (kr 130)
- ❑ 2001:19 *Minstepensjon og minstepensjonister*, av Charlotte Koren (kr 130)
- ❑ 2002:1 *Barn og unges levekår og velferd. Kunnskapsbilder og forskningsbehov*, av Mona Sandbæk (kr 180)
- ❑ 2002:2 *Fra tradisjonell regelforvaltning til effektiv tjenesteproduksjon*, av Jorunn Theresia Jessen (kr 130)
- ❑ 2002:3 *Gratis barnehage for alle femåringer i bydel Gamle Oslo. Evaluering av et forsøk*, av Trude Brita Nergård (kr 280)
- ❑ 2002:4 *Lesbisk psykisk helse*, av Bera Ulstein Moseng (kr 150)
- ❑ 2002:5 *Sex for overlevelse eller skyggebilder av kjærlighet. Ungdom under 18 år som selger seksuelle tjenester*, av Kristinn Hegna & Willy Pedersen (kr 150)
- ❑ 2002:6 *Ungt engasjement. Ungdoms engasjement og lokalpolitiske deltakelse*, av Guro Ødegård & Hilde Lidén (kr 130)
- ❑ 2002:7 *Forlatte barn, ankerbarn, betrodde barn... Et transnasjonalt perspektiv på enslige, mindreårige asylsøkere*, av Ada Engebriksen (kr 200)
- ❑ 2002:8 *Når hjemme er et annet sted. Omsorg for eldre med minoritetsetnisk bakgrunn*, av Bjørg Moen (kr 200)
- ❑ 2002:9 *Familieråd som metode i barnevernets beslutningsprosess*, av Jóna Hafdis Einarsson (kr 180)
- ❑ 2002:10 *Partydop og ungdomskultur*, av Geir H. Moshuus, Ingeborg Rossow & Viggo Vestel (kr 150)
- ❑ 2002:11 *Kompetanse- og utdanningsbehov innenfor trygde- og arbeidsmarkedsetaten*, av Ann-Helén Bay & Tale Hellvik (kr 150)
- ❑ 2002:12 *Forskning om småbarnsførelses dagligliv. Problemstillinger og data. Seminnarrapport*, av Lars Gulbrandsen (red.) (kr 150)
- ❑ 2002:13 *Det vanskelige samarbeidet. Evaluering av et utviklingsprosjekt om samarbeidet mellom hjem og skole*, av Thomas Nordahl & May-Len Skilbrei (kr 180)
- ❑ 2002:14 *Barn og foreldre som sosiale aktører i møte med hjelpetjenester*, av Mona Sandbæk (kr 330)
- ❑ 2002:15 *Samværsfedrenes situasjon. Rapport fra en spørreundersøkelse*, av Anne Skevik & Christer Hyggen (kr 180)
- ❑ 2002:16 *Eldresenter på ukjent vei. Flerkulturelle møter mellom eldre mennesker*, av Bjørg Moen (kr 130)
- ❑ 2002:17 *Tverrnasjonal komparativ barneforskning: Muligheter og utfordringer. Seminnarrapport*, av Elisabeth Backe-Hansen (red.) (kr 180)
- ❑ 2002:18 *Kvalitetsstyring og kvalitetsstrev. Nye styringsambisjoner i hjemmetjenesten*, av Mia Vabø (kr 230)
- ❑ 2002:19 *Kjærlighetens og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom*, av Nicole Hennum (kr 380)
- ❑ 2002:20 *Aldersdemens i parforhold*, av Reidun Ingebretsen & Per Erik Solem (kr 280)
- ❑ 2002:21 *Regionalisering av trygdetjenester – erfaringer hos brukere og ansatte*, av Jorunn Theresia Jessen (kr 230)
- ❑ 2003:1 *Underholdning med bismak. Ungdom og pengespill*, av Ingeborg Rossow & Marianne Hansen (kr 130)
- ❑ 2003:2 *Leiemarkedet og leietakernes rettsvern*, av Åsmund Langsether, Lars Gulbrandsen & Erling Annaniassen (kr 180)
- ❑ 2003:3 *Fastlegeordningen og pasienter med store legebepov*, av Rannveig Dahle & May-Len Skilbrei (kr 130)
- ❑ 2003:4 *Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 2002. Hva gjør de? Hva vil de?* av Mira Aaboen Sletten (kr 280)
- ❑ 2003:5 *Eldreombud og omsorgsombud i kommuner. Evaluering av et forsøk 1998–2002*, av Anne Helset & Per Erik Solem (kr 230)
- ❑ 2003:6 *To års gratis barnehagetilbud for familier med innvandrerbakgrunn – fører det til økt integrering? Evaluering av et forsøk* av Trude B. Nergård (kr 130)
- ❑ 2003:7 *Ett års gratis barnehage – hvilke konsekvenser har det for overgangen til skolen? Evaluering av et forsøk*, av Trude B. Nergård (kr 150)
- ❑ 2003:8 *Veien til makta og «det gode liv»? Evaluering av medvirkningsarbeidet blant unge i Porsgrunn kommune*, av Viggo Vestel, Guro Ødegård & Tormod Øia (kr 230)
- ❑ 2003:9 *Evaluering av «Prosjekt rovdyrkunnskap» i Stor-Elvdal kommune*, av Mette Svenningsen & Ketil Skogen (kr 130)
- ❑ 2003:10 *Natalie Rogoff Ramsøy. En pioner i norsk og internasjonal sosiologi*, av John Eriksen & Lars Gulbrandsen (red.) (kr 150)
- ❑ 2003:11 *Omsorgslønn til foreldre med funksjonshemmede barn. Lønn, påskjønnelse eller avlat?* av John Eriksen, Torhild Andersen & Ole Petter Askheim (kr 150)
- ❑ 2003:12 *Velferdsstat og velferdskommune. Iverksettingen av «Handlingsplan for eldreomsorgen» i kommunene i Nord-Trøndelag*, av Tor Inge Romøren & Borghild Svorken (kr 130)
- ❑ 2003:13 *Makt og avmakt i samarbeidet mellom hjem og skole. En evaluering innenfor Reform 97*, av Thomas Nordahl (kr 180)
- ❑ 2003:14 *Lesbiske og homofile med innvandrerbakgrunn. En pilotundersøkelse*, av Bera Ulstein Moseng (kr 130)
- ❑ 2003:15 *Minoritetsspråklig ungdom i skolen. Reproduksjon av ulikhet eller sosial mobilitet?* av Anders Bakken (kr 180)
- ❑ 2003:16 *Samarbeid mellom hjem og skole i videregående opplæring. Behovsstyrt samarbeid – holder det?* av Mira Aaboen Sletten, Nina Sandberg & Thomas Nordahl (kr 180)
- ❑ 2003:17 *«Dette er jo en husmorjobb.» Ufaglerte kvinner i arbeidslivet*, av May-Len Skilbrei (kr 350)
- ❑ 2003:18 *Dealing with Difference: Two classrooms, two countries. A comparative study of Norwegian and Dutch processes of alterity and identity, drawn from three points of view*, av Marie Louise Seeberg (kr 280)
- ❑ 2003:19 *Bostøtte og boutgifter*, av Lars Gulbrandsen & Axel West Pedersen (kr 150)
- ❑ 2003:20 *Innvandrerungdom – kultur, identitet og marginalisering*, av Tormod Øia (kr 380)
- ❑ 2003:21 *Skal jeg bli eller skal jeg gå?*, av Vemund Snartland & Einar Øverbye (kr 130)
- ❑ 2003:22 *Familieendring, helse og trygd. Fire longitudinelle studier*, av Morten Blekesaune & Einar Øverbye (red.) (kr 130)
- ❑ 2003:23 *Boligetablering i Oslo og Akershus*, av Lars Gulbrandsen & Hans-Christian Sandlie (kr 100)
- ❑ 2003:24 *Barnehagen -fra selektivt til universelt velferdsgode*, av Anne Lise Ellingsæter & Lars Gulbrandsen (kr 150)
- ❑ 2003:25 *I verdens rikeste land. Pressens dekning av velferdsstaten 1969-1999*, av Ann Helén Bay & Jo Saglie (kr 100)
- ❑ 2003:26 *Osloungdom og rusmiddelbruk. Utbredelse og muligheter for forebygging*, av Elisabet E. Storvoll & Olve Krange (kr 130)

NOVA-rapportar

- 2004:1 *En digital barndom?* av Leila Torgersen m. fl (kr 150)
- 2004:2 *Ungdom som lever med PC*, av Birgit Hertzberg Kaare (kr 180)
- 2004:3 *Norske pensjonister og kommuner i Spania*, av Anne Helset, Marit Lauvli & Hans Christian Sandlie (kr 200)
- 2004:4 *Grenser for individualisering*, av Olve Krange (kr 230)
- 2004:5 *Antisosial atferd i ungdomstiden*, av Elisabet E. Storvoll (kr 230)
- 2004:6 *... Og imens går tida*, av Agnæs Andenæs, Anita C. Sundnes, Lars Gulbrandsen og Sten-Erik Clausen (kr 150)
- 2004:7 *Familie, velferdsstat og aldring*, av Katharina Herlofson og Svein Olav Daatland (kr 230)
- 2004:8 *Ungdoms digitale hverdag*, av Leila Torgersen (kr 150)
- 2004:9 *Fra best til bedre?* av Anita Sundnes og Lars Gulbrandsen (kr 150)
- 2004:10 *Husleieindekser og husleiestatistikk*, av Åsmund Langsether og Per Medby (kr 150)
- 2004:11 *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?*, av Mona Sandbæk (red.) (kr 230)
- 2004:12 *Barn og unges håndtering av vanskelige livsvilkår. Kunnskapsbidrag fra 36 studier av barnefattigdom*, av Elisabeth Backe-Hansen (kr 330)
- 2004:13 *Ansvar i grenseland. 16-åringers forståelse av seksuell utnytting*, av Ingrid Smette (kr 180)
- 2004:14 *Et prosjekt som protesjé. Evaluering av mentorordningen i verdiprosjektet «Skal - Skal ikke»*, av Anita Sundnes (kr 100)
- 2002:3 *Vurderingsgrunnlaget i alvorlige barnevernssaker*, av Elisabeth Backe-Hansen m.fl. (kr 80)
- 2002:4 *Noen trekk ved barnevernets utvikling mellom 1954 og 1980. Historisk og barnevernfaglig delrapport*, av Kjersti Ericsson (kr 80)
- 2002:5 *Life-course Perspectives in Aging Research*, av Kirsten Thorsen (kr 80)
- 2003:1 *Globalisation, the World Bank and the New Welfare State*, av Einar Øverbye (kr 100)
- 2003:2 *Nordisk barnevern: Likheter i lovgivning – forskjeller i praksis. Om kultur, normer og holdninger*, av Turid Vogt Grinde (kr 100)
- 2003:3 *Familierådslag. Nasjonal plan for utprøving og evaluering av metoden familierådslag*, av Jóna Hafdis Einarsson & Thomas Nordahl (kr 100)
- 2003:4 *Hjelp til barn som har foreldre med psykiske lidelser. Evaluering av prosjektet og virksomheten «Du er ikke den eneste» – et gruppetilbud med psykopedagogisk tilnærming til barn og unge som har foreldre med psykisk lidelse*, av Anne Solberg (kr 100)
- 2003:5 *Boligetablering, dokumentavgift og boligsparing for unge*, av Lars Gulbrandsen (kr 100)
- 2003:6 *Etablering, generasjonsulikhet og generasjonsoverføringer i boligsektoren*, av Åsmund Langsether (kr 100)
- 2003:7 *De frivillige organsiasjoners rolle i aktivisering og arbeidstrening av personer med marginal eller ingen tilknytning til arbeidsmarkedet*, av Ivan Harsløf (kr 100)
- 2003:8 *Old age is not for sissies. A study in constructing self, community and old age in a new age*, av Susan Lingsom (kr 100)
- 2003:9 *Barns levekår. Teoretiske perspektiver på familieøkonomiens betydning for barns hverdag*, av Mona Sandbæk og Christin Knudsen Sture (kr 150)
- 2004:1 *Somaliere i eksil i Norge*, av Ada Engebriktsen og Gunhild Regland Farstad (kr 120)
- 2004:2 *Hva kan vi lære av Danmark?* av Einar Øverbye (kr 100)
- 2004:3 *Mødre med barn i kontantstøttealder*, av Charlotte Koren og Christin Knudsen Sture (kr 100)
- 2004:4 *Forskning om vanskeligtstilte på boligmarkedet*, av Tale Hellevik og Viggo Nordvik (kr 150)

Skriftserie 2001–2004

- 2001:1 *Tilleggsrapport – Ung i Notodden. Seksualitet, kropp, psykisk helse og skoletilpasning*, av Mira Aaboen Sletten (kr 100)
- 2001:2 *Hverdagslivets sosiologi i norsk tradisjon*, av Morten Blekesaune (kr 80)
- 2001:3 *Klage over ikke å få nesten universelle goder*, av Ulf Torgersen (kr 80)
- 2001:4 *Om klager på kommunen. En surveyundersøkelse*, av Leif Sletvold (kr 100)
- 2001:5 *Om økonomisk verdsetting av ubetalt arbeid*, av Charlotte Koren (kr 80)
- 2001:6 *The Child Home Care allowance and women's labour force participation in Finland, 1985–1998. A Comparison with Norway*, av Tapio Rissanen & Christin Knudsen (kr 100)
- 2001:7 *Barn som blir plassert utenfor hjemmet – risiko og utvikling. Framgangsmåter og erfaringer med å opparbeide et empirisk materiale*, av Agnes Andenæs m.fl. (kr 150)
- 2002:1 *Om fattigdomsbegrepet og dets implikasjoner for praktisk politikk*, av Axel West Pedersen. *Barnefattigdom: En diskusjon av tilstandsbilder, konsekvenser og tiltak*, av Elisabeth Backe-Hansen (kr 100)
- 2002:2 *Early retirement and social citizenship. Marginalisation and integration in the Nordic countries*, av Einar Øverbye & Morten Blekesaune (kr 80)

NOVA temahefte

- 1998:1 *Veiledning og veiledningsmodeller i barnevernets førstelinjetjeneste*, av Kari Killén og Kikkan Ustvedt Christiansen (kr 130)
- 1999:1 *Foreldrestøttende tilbud i kommunene. Organisering, kartlegging og utvikling*, av Bente Brostrøm (kr 130)
- 2001:1 *Naturen i Stor-Elvdal, ulven og det sosiale landskapet*, av Olve Krange & Ketil Skogen (kr 80)
- 2002:1 *Fra idé til virkelighet. En modell for koordinering og drift av det forebyggende barne- og ungdomsarbeidet*, av Bente Brostrøm (kr 150)
- 2002:2 *Kvalitetssatsing i norske barnehager. Statusrapport midtveis*, av Lars Gulbrandsen (kr 130)

N O V A

(Tingssetelen kan du brette, stifte og sende til Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring)

**Norsk institutt for forskning om
oppvekst, velferd og aldring**

**Pb 3223 Eliseneberg
0208 Oslo**

Porto